
Fra: Håvard Tveit <Havard.Tveit@gulen.kommune.no>
Sendt: 16. april 2015 14:55
Til: Roald Kvingedal
Kopi: Ottar Myrtveit
Emne: Vurdering kring seterbu gbnr 18/4

Hei Roald. Her er vurderinga kring behovet for seter for gbnr 18/4.

Gnr 18 har rett til seter ved sørenden av Meisdalsvatnet. Gbnr 18/4 har i dag om lag 20 vinterfôra sauer som beitar i dette området. Total reisetid frå Duesund til Duesundseter er nærare 4,5 timar og inkluderar bil, ferje og gange. Dersom ein ror over vatnet i staden for å gå rundt, reduserar ein reisetida med om lag 2 timar. Dyrevelferdslova stiller krav til ettersyn av dyr på utmarksbeite minst 1 gong per veke, og det er ikkje alltid enkelt å finne dyra med ein gong. Det er difor behov for å kunne overnatte for å vere sikker på at tilsynet let seg gjennomføre på ein god måte. I tillegg er overnatting naudsynt i samband med slepping og sanking. Hordaland ynskjer meir bruk av utmarksbeite i fjellet, og har tilrettelagt for dette mellom anna ved utforming av tilskotsordningar i Regionalt miljøprogram. Ei seterbu med høve til overnatting, matlaging og lager til oppbevaring av driftsmidlar, vil difor vere i tråd med LNF-føremålet i Masfjorden kommune sin arealdel av kommuneplanen for gbnr 18/4 så lenge det er drift på eigedomen.

Med venleg helsing

Håvard Tveit

landbrukskonsulent

Mob: 95 26 16 14

Fra: Roald Kvingedal
Sendt: 8. april 2015 14:47
Til: Ottar Myrtveit; Håvard Tveit
Emne: Driftsbygning Meisdalsvatn

Hei

Kan de gje ei utale om driftsbygning, gjeld sak 15/149. kjapt

Med helsing
Roald Kvingedal
Fungerande Teknisk sjef

Masfjorden kommune,
Austfjordvegen 2724 5981 MASFJORDNES
Direkte: 5616 6288/40027048 Sentralbord: 5616 6200
E-post...: roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no
Heimeside: <http://www.masfjorden.kommune.no>